



STORTINGET

# Representantforslag 2 S

(2022–2023)

frå stortingsrepresentant Olaug Vervik Bollestad

Dokument 8:2 S (2022–2023)

**Representantforslag frå stortingsrepresentant Olaug Vervik Bollestad om å justere grensa mellom Sandnes og Strand kommunar, slik at Forsand-delen av Sandnes kommune blir ein del av Strand kommune**

Til Stortinget

## Bakgrunn

Forslagsstillar peikar på at Forsand kommune var ein kommune som, fram til 31. desember 2019, omkransa heile Lysefjorden i Rogaland. 1. januar 2020 vart kommunen, med unntak av delar av nordsida, slått saman med Sandnes kommune. Delar av nordsida av Lysefjorden vart frå same tidspunkt grensejustert til Strand kommune.

Kommunestyret i Forsand vedtok sommaren 2016, med 9 mot 8 representantar, å søkje om samanslåing med Sandnes kommune. Våren 2017 snudde fleirtalet i kommunestyret, og ein ynskte nå å stanse samanslåinga med Sandnes. I desember 2018 vedtok Kommunal- og moderniseringsdepartementet, etter eit innbyggeriniti-

ativ, å grensejustere delar av nordsida av Lysefjorden til Strand.

Sommaren 2021 søkte ei aksjonsgruppe på Forsand om grensejustering av resten av gamle Forsand (Forsand-delen av nye Sandnes kommune) til Strand. Ei grundig utgreiing i regi av Statsforvaltaren i Rogaland vinteren 2022, på oppdrag frå departementet, framstilte ei slik grensejustering som formålstenleg. Også fleirtalet blant innbyggerane på Forsand var tydeleg. 78 prosent av dei røysteføre svarte i Statforvaltaren si undersøking. Av desse svarte 54 prosent at dei vil til Strand. I juni 2022 fatta også fylkestinget i Rogaland eit vedtak om å tilrå ei slik grensejustering. Kommunal- og distriktsdepartementet vedtok 22. juni 2022 at Forsand-delen av nye Sandnes likevel ikkje skulle grensejusterast.

## Forslag

På denne bakgrunnen blir det fremma følgjande

f o r s l a g :

Stortinget ber regjeringa legge fram eit forslag om ei grensejustering mellom Sandnes og Strand kommunar, slik at Forsand-delen av nye Sandnes blir ein del av Strand kommune.

4. oktober 2022

Olaug Vervik Bollestad

